

## REGULERINGSFØRESEGNER

### DETALJREGULERINGSPLAN E39 LIADAL, ØRSTA KOMMUNE

PlanID: 2017007  
Arkivsak: 19/10047  
Planforslagsdato: 09.11.2022  
Dato for siste revisjon av føresegner: 02.10.2023  
Dato for godkjenning i Ørsta kommunestyre,  
sak 101/23: 02.11.2023

### § 1 PLANAVGRENSING

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) § 12–7 gjeld reguleringsføresegnerne for området som på plankartet er avgrensa med strektype «Plangrense». Reguleringsplanen består av 2 – to – plankart i målestokk 1:1000 i A1-format, datert 09.11.2022, sist revidert 02.10.2023.

### § 2 FORMÅL MED PLANEN

Reguleringsplanen gir heimel til å utbetre vegen i samsvar med utbettlingsstandard for hovudvegar samt å kunne bygge gang- og sykkelveg langs E39.

### § 3 REGULERINGSFORMÅL

I medhald av PBL §§ 12–5 og 12–6 er planområdet regulert til følgande arealformål og omsynssoner:

- Bygningar og anlegg (pbl § 12–5 nr 1)
  - Uthus/naust/badehus, UNB
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12–5 nr 2)
  - Køyreveg, offentleg veg, o\_KV
  - Køyreveg, felles tilkomstvegar, anna eigarform, f\_KV
  - Gang-/sykkelveg, o\_GS
  - Gangveg/gangareal/gågate, o\_GG
  - Annan veggrunn – grøntareal, o\_AVG
  - Leskur/plattformtak, o\_KA
  - Tekniske bygningar/konstruksjonar, SBK
  - Kollektivhaldeplass, KH

- Grøntstruktur (pbl § 12–5 nr 3)
  - Friområde, FRI
- Landbruks-, natur- og friluftsformål (pbl § 12–5 nr 5)
  - Landbruks-, natur- og friluftsformål, LNF
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl § 12–5 nr 6)
  - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, BSV
- Omsynssoner (pbl § 12–6)
  - Faresone ras- og skredfare, H310
  - Faresone høgspenningsanlegg, H370
- Føresegnområder (pbl § 12–7)
  - Krav om nærmere undersøkingar, overvaking og klargjering av verknader, #RpBOxxx
  - Mellombels bygge- og anleggsområde, #1

## § 4 FELLESFØRESEGNER

Føresegner som gjeld for heile planområdet.

a) **Geotekniske forhold**

Alt arbeid innanfor planområdet skal utførast iht. tilrådingar i geotekniske rapportar:

- *Geotekniske vurderingsrapport 40109-GEOT-R1 (2018), 40109-GEOT-R2 (2018) og 40109-GEOT-R3 (2022), Statens vegvesen*

Alle tiltak skal etterfølgast ved prosjektering og anleggsgjennomføring.

b) **Universell utforming**

Prinsipp for universell utforming/ tilgjenge for alle skal nyttast i planlegging og utbygging av gang- og sykkelveg samt haldeplassar for kollektivtrafikk. Desse skal utformast i samsvar med Statens vegvesen si handbok V129 «Universell utforming av veger og gater».

c) **Støytiltak**

Støygrenser i Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021 skal leggast til grunn for vurdering og tiltak. Det skal givast tilbod om lokal skjerming og/eller fasadetiltak for dei eide domane som etter fastlagte tiltak i planen får eit støynivå som overskrid dei tilrådde grenseverdiane i retningsline T-1442/2021, tabell 2. Ei oversikt over støynivå går fram av planomtalen kapittel 7.10, tabell 7-2.

Det skal gjennomførast ei detaljert støyutgreiing i byggeplanfase som gir grunnlag for kva tiltak som vert tilbydd den einskilde eigedom. Innandørs støynivå skal tilfredsstille krava i byggteknisk forskrift NS 8175 klasse C til plan- og bygningslova. Dersom støyfagleg dokumentasjon viser at kostnadane ved støytiltak er uforholdsmessig høge, kan likevel anbefalte grenseverdiar for støy innandørs fråvikast, tilsvarende krav i NS 8175 klasse D. Bustader skal også sikrast tilgang til eigna uteareal med tilfredsstillande støyforhold, minimum storleik 6 m<sup>2</sup> for opparbeidd uteplass.

Dersom det under byggeplanarbeidet viser seg at støygrenser i T-1442/2021 blir overskreden, skal skjerming bli tilbydd. Dersom retningslinene kan tilfredsstillast ved lokale støytiltak, kan dette erstatte langsgående skjerming. Dersom tiltaket er søknadspliktig, skal det avklarast gjennom byggesaksbehandling. Ved fasadetiltak skal tilfredsstillande ventilasjon iht. teknisk forskrift til plan- og bygningslova.

Støyintensive tiltak i bygge- og anleggsperioden skal foregå iht. T-1442/2021, kapittel 6, tabell 4. Naboar skal varslast i forkant for støyintensive tiltak.

d) **Luftkvalitet**

For lokal luftkvalitet skal retningsline T-1520 kap. 6 leggast til grunn for gjennomføring av vegprosjektet.

e) **Avkørysler**

Det er ikkje tillate å etablere fleire avkørysler frå E39 enn dei som er vist på plankart. Avkørysler skal dimensjoneraast etter sidevegane sin funksjon.

f) **Frisikt i kryss og avkørysler**

Frisiktlinjer til E39 er vist på plankart. Innanfor siktsoner skal det vere fri sikt i ei høde av 0,5 m over vegdekket på tilstøytande veg. Frittståande lysmaster, skiltstolpar og liknande vert ikkje sett på som sikthindrande.

g) **Kulturminne og aktsemplikt**

Før det blir sett i verk tiltak i medhald av planen, skal det gjerast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna ID 139352, 139354, 145202 og 246513 som er markerte som *område for føresegn* nr. 10 i plankartet. Tiltakshavaren skal ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske granskninga kan fastsetjast.

Dersom det i løpet av bygge- og anleggsarbeidet blir oppdaga mogleg automatisk freda kulturminner som ikkje tidlegare er kjent, skal arbeidet stansast i den grad det råkar kulturminnet eller sikringssona på 5 meter, og Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast omgåande, jf. lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (KML) § 8 andre ledd. Både tiltakshavar og utførande entreprenør har ansvar for at aktsemnds- og varslingsplikta blir overhalde.

h) **Verneverdiar for naturmangfold §12-7 nr. 6**

Det skal utarbeidast plan for Ytre miljø (YM-plan) i prosjekteringsfasen. Nødvendige

miljøtiltak skal innarbeidast i konkurransegrunnlaget, ivaretakast av utførande entrepenør og kontrollerast i gjennomføringsfasen, jf planomtalens kap 9.5.

i) **Byggegrenser PBL § 12–7**

Formålsliner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er sammanfallande med byggegrense mot sjø. Forbud mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen gjeld ikke innanfor formålsliner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (12–5 nr. 2) eller føresegnsområde (12–7).

Byggegrenser for naust er vist i plankart.

Byggegrenser langs offentleg veg følger veglova § 29.

j) **Terrengbehandling og estetisk utforming**

Utstrekning av terrenгинngrep skal begrensast, og nytt veganlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terren og omgivnader. Alle skjeringar og fyllingar skal vere avslutta inn mot terren, slik at sideområda blir estetisk godt utforma og slik at overgangen mot eksisterande terren blir så naturleg som mogleg. Terrenget på tilbakeført areal til landbruksformål skal ikke vere brattare enn 1:6.

Utforming av vegar og kollektivhaldeplassar skal vere i samsvar med gjeldande vegnormalar. Leskur og konstruksjonar skal nytte material av god kvalitet og ha ei estetisk god utforming. Nye murar skal som hovudregel utførast med bruk av naturstein.

k) **Inngrep i bekkar**

Kantvegetasjon langs bekkeløp skal bevarast i størst mogleg grad. Det må søkast dispensasjon frå Vassressurslova §11 dersom det skal gjerast tiltak i kantvegetasjon langs vassdrag.

Fordrøyningstiltak skal gjennomførast oppstraums ved behov. Erosjonstiltak skal gjennomførast ved behov.

Utslepp av skadelege stoff og avrenning frå anleggsarbeidet til vassdrag og grunnen skal unngåast til eikvar tid.

l) **Handtering av overvatn**

Overvatn skal handterast slik at sikkerheit for liv, helse og miljø blir ivareteke. Natur skal ivaretakast ved handtering av overvatn.

m) **Naturmiljø og jordhandtering**

Det skal utarbeidast ytre miljøplan (YM-plan) som avklarer korleis nærmiljø og naturmiljø skal ivaretakast.

Matjord og andre vekstmassar i område som blir rørt av utbygginga (inkludert mellombels rigg- og anleggsområde), skal takast av og gjenbrukast ved reetablering/istandsetting av området, jf. §8 a) Landbruksformål (LNF).

Eventuell ny jord som blir tilført anlegget skal tilfredsstille krav i Handbok R761 – Prosesskode 1.

Revegtering skal gjennomførast med stadeige plantemateriale, og tilsåing med eigna grasfrø for staden.

## §5 BYGNINGAR OG ANLEGG

### a) Uthus/naust/badehus (UNB)

Innan område for UNB kan det etablerast naust for oppbevaring av båt, reiskap og utstyr.

Naust kan ikkje innreiast for varig opphold. I naustområde skal det vere ope for fri ferdsle i strandsona. Uteområda rundt nausta kan ikkje privatiserast med ferdselshindringar (murar/gjerde), plattingar, stampar eller hageflekkar. Lista er ikkje uttømmande.

Naust skal ikkje vere større enn 40m<sup>2</sup> BRA. Naust kan ikkje ha takopplett (ark/kvist), karnappar, pipe, levegar, store vindauge og andre element som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.

Maks mønehøgd skal ikkje overstige 5,5m. Naust skal ha saltak med mønevinkel mellom 27 og 42 grader, og mørk eller matt fargeverknad. Alle konstruksjonar lavare enn dimensjonerande stormflonivå skal dimensjonerast og utformast for å tåle påkjenningar ved stormflo.

Det skal etablerast minimum ½ parkeringsplass pr. naust.

## § 6 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

### a) Køyreveg, offentleg (o\_KV)

Områda omfattar offentleg køyreveg, kryss og nødvendig sikringsareal i tilknyting til offentleg køyreveg vist på plankart.

Dersom avkjørsler og driftsavkjørsler til eigedomane periodevis må stengast i byggeperioden, skal dette avtalast.

### b) Køyreveg, anna eigarform (f\_KV)

Felles private tilkomstvegar er vist på plankartet. Tilkomst gjeld for alle eigedomar og rettighetshavarar som har tilkomst til dyrkamark, naust og sjøareal eller som har bruksrett til vegen på dei enkelte eigedomane.

Dersom avkjørsler og driftsavkjørsler til eigedomane periodevis må stengast i byggeperioden, skal dette avtalast.

Det kan opparbeidast p-plassar, vendehammar og møteplassar tilknytta tilkomstvegane på den einskilde eigedomen i tråd med plankart. For F\_KV3 kan parkeringsplassane også nyttast av allmenta for parkering og gangtilkomst til friområde merka FRI1.

- f\_KV4 skal vere felles privat tilkomst for gbnr. 4/3, 4/7 og 6/7
- f\_KV3 skal vere felles privat tilkomst for gbnr. 6/1, 6/36 og 6/54
- f\_KV5 skal vere felles privat tilkomst til for gbnr. 5/2, 5/24, 5/75, 5/78, 5/47, 5/8 og 5/18 (og 5/64 som har same eigar som 5/18)
- f\_KV6 skal vere felles privat tilkomst og parkering for gbnr. 6/5, samt gnr. 6, bnr. 8, 9 og 23 som har gangrett i bytet mellom gbnr. 6/5 og 6/3 til naust på Likkjeneset.
- Privat tilkomst til gbnr. 6/2 er vist på plankart i tråd med eksisterande plassering.
- Driftsavkørsel til gbnr. 5/2 er vist med tilkomstpil på plankart i tråd med eksisterande plassering.

c) **Gang og sykkelveg (o\_GS)**

Området skal nyttast til gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelvegen skal ha ei utforming som tydeleggjer at den er gjennomgående der den kryssar avkørsler. Vegbreidde 2,5m.

d) **Gangveg/gangareal/gågate (o\_GG)**

Gjeld plattform o\_GG1 i tilknyting til kollektivhaldeplass o\_KH2.

e) **Anna veggrunn – grøntareal (o\_AVG)**

Områda skal nyttast til nødvendig anna trafikkareal som grøntanlegg, fyllingar, skjeringar, grøfter, rekkverk, støttemurar og tekniske installasjonar.

f) **Leskur/plattformtak (o\_KA)**

Leskur i samband med regulerte kollektivhaldeplassar skal etablerast.

g) **Tekniske bygningar/konstruksjonar (o\_SBK)**

Området skal nyttast til transformatorstasjon i regi av Mørenett med tilkomst frå lokalveg f\_KV3.

h) **Kollektivhaldeplass (o\_KH)**

Områda skal nyttast til busslomme med regulert breidde som vist på plankart. Haldeplassane skal ha universell utforming.

## § 7 GRØNTSTRUKTUR

a) **Friområde (FRI)**

Området er regulert til friområde i samsvar med Kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebypgda (2015).

## § 8 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSFORMÅL

### a) Landbruksformål (LNF)

For all dyrkamark som blir permanent eller mellombels berørt, skal matjord takast av sjiktvis og mellomlagrast i separate rankar med maksimal høgde 2 meter. Jorda skal mellomlagrast nær opprinnelsesstad og leggast ut att i rett rekkefølge.

Matjordlaget skal nyttast på eigedomen sine areal til jordbruksproduksjon eller til landbruksformål på andre areal i nærområdet. Tilbakeført og nydyrka areal skal ha ein jordstruktur og dreneringsstatus som sikrar produksjonsevna til arealet.

Det skal utarbeidast ein plan og etablerast rutinar som hindrar eller minimerer køyreskadar og jordpakking av matjord, og at matjord/dyrkingslag blir blanda med anna type masse. Planen skal også vise tiltak som hindrar spreing av ugras og ev. plantesjukdomar.

Tiltakshavar og entreprenør skal gjere seg kjent med og legge rettleiaren «Jordmassar – frå problem til ressurs» (Norsk landbruksrådgiving/NIBIO) til grunn for gjennomføringa.

## § 9 BRUK OG VERN I SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

### a) Bruk og vern i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)

Gjeld opne bekkar som blir påverka av tiltaket. Ved forlenging av kulvertar under E39 og nødvendig justering av bekkeløp nedstrøms skal bekken utformast som ein naturleg bekk med variert substrat og kantvegetasjon.

## § 10 OMSYNSSONER

### a) Faresone skred (H310)

Skredfare er kartlagt av NVE, ref. Rapport 23 2015 «Skredfarekartlegging i Ørsta kommune». Planområdet ligg innanfor eit område utsett for skredfare. For trafikk i flyt fastset Handbok N200 Vegbygging krava for sikkerheit mot skred. TEK 17 fastset krava for sikkerheit til kollektivhaldeplassar o\_KH1 og o\_KH2. Haldeplassane er i dette tilfelle vurdert til sikkerheitsklasse S1.

- Faresone H310\_2 viser område som er kartlagt med skredfare større enn 1/5000, innanfor sona kan det ikkje etablerast bygg/tiltak i tryggleiksklasse S2 og S3, jf. TEK17 § 7-3.
- Faresone H310\_3 viser område som er kartlagt med skredfare større enn 1/1000, innanfor sona kan det ikkje etablerast bygg/tiltak i tryggleiksklasse S3, jf. TEK17 § 7-3.

### b) Faresone høgspenningsanlegg (H370)

Det er høve til å føre opp anlegg i tilknyting til utbetring/nyanlegg for kraftforsyning, i tråd med forskrift om elektriske forsyningsanlegg. Andre tiltak i desse områda skal godkjennast av ledningseigar. Dersom kraftlinjer blir lagt i jordkabel, fell faresona bort.

- I faresone H370 (faresone/sikringssone for stråling kring høgspentanlegg) kan det ikke førast opp bygg for varig opphold før høgspentlinja innanfor omsynsarealet er fjerna.

## § 11 FØRESEGNOMRÅDE

### a) Krav om nærmere undersøkingar (pbl § 12–7 nr. 12)

Før iverksetting av tiltak i medhald av planen skal det gjerast ei arkeologisk gransking av berørte automatisk freda kulturminnelokalitetar markert i plankartet som føresegnsområde #10 (ID 139352, 139354 og 246513) og #11 (ID 145202).

Det skal takast kontakt med regional kulturminneforvaltning ved Møre og Romsdal fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast slik at omfanget av den arkeologiske granskinga kan fastsettast. Granskinga skal kostast av tiltakshavar med heimel i kulturminnelova (kml) §10.

### b) Mellombels anleggsbelte

Område merkt #1 er mellombelse bygge- og anleggsområde, og er tillatt midlertidig nytta til verksemder som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, herunder parkering av maskiner, midlertidig lagerplass for massar og material, anleggsvegar, etc.

Når områda blir tekne i bruk skal dei sikrast på forsvarleg måte og det skal etablerast rutiner som hindrar avrenning av olje, kjemikalier og andre forureinande stoff i grunnen. Asfalt som blir fjerna skal deponerast i godkjent deponi eller gjenbrukast etter gjeldande retningsliner. Rutinane skal sikrast gjennom Ytre miljø–planen (YM–planen).

Etter avslutta anlegg opphører midlertidig reguleringsformål, og områda skal ryddast, istandsettast, revegeterast og tilbakeførast, seinest innan første vekstsesong etter at anlegget er ferdig.

## § 12 GJENNOMFØRING OG FERDIGSTILLELSE (REKKEFØLGEGØRESEGNER)

- a) Før anleggsstart skal det utarbeidast ein Ytre miljø–plan (YM–plan) etter krav gitt i Statens vegvesen si handbok R760 *Styring av vegprosjekter*. Tema som skal inngå er mellom anna støy, tiltak som skal hindre forureining av grunnen og avrenning til tilgrensande område frå mellomlagra masser, støy, vatn, naturmiljø, dyrkamark og avfallshandtering. Det skal etablerast ein plan for vatn og avløp (VA–plan) som viser korleis ev. konflikt mellom eksisterande vassledningar og anleggsarbeid skal løysast.

Formålet er å unngå risiko for forureining av drikkevatn i anleggsfasen eller at leveringssikkerheit blir truga.

- b) Før anlegsstart skal skadelege, framande planteartar kartleggast. Ved funn skal førekomstane bli fjerna, og det skal lagast ein plan som viser kva tiltak som skal iverksettast for å fjerne og hindre spreiing med plantemateriale, lausmassar, utstyr eller anna. Statens vegvesen sin strategi/ handlingsplan for framande artar skal ligge til grunn for tiltaka.
- c) Dersom byggeplanlegginga syner overskudd av masse i anlegget, skal godkjent deponi vere avklart før anleggsarbeidet startar opp.
- d) Før anlegsstart skal det utarbeidast plan for trafikkavvikling i bygge- og anleggsperioden. E39 skal som hovudregel vere open med minst eitt køyrefelt i anleggsfasen. Det kan likevel tillatast korte periodar med stenging av vegen så lenge dette ikkje er til fare for liv og helse.

Plan for trafikkavvikling skal ivareta omsynet til omgjevnadene langs vegen. Så langt råd er, skal det i anleggsfasen takast omsyn til trafikkavvikling og trafiksikkerheit for gåande, syklande og kollektivreisande.

- e) Støytiltak skal vere ferdigstilt samstundes med ferdigstilling av veganlegget.
-